

Referat styremøte

Måndag 01.09.14. kl. 18.00

Tingvang

Til stades : Ove Skaret, Erik Johansen, Jon Arild Myrvold, Elisa Sevilla, Tor Nordaas, Asbjørn Hamre (for Reidun Gudny Veflen), Øyvind Dahle, Tine Stølen, Bodil Enger, Rannveig Hovi (for Aina Merete Karijord). I tillegg møtte økonomiansvarleg Knut Jan Moen.

Melde forfall : Sigmund Nøbben, Tor Omar Nyqvist, Reidun Gudny Veflen, Aina Merete Karijord, Rolf Kjetil Gulbrandsen.

1. Utviding av aksjekapital Beitostølen Stadion AS.

Vedtak : Øystre Slidre Idrettslag går inn med kr. 250.000 i ny aksjekapital i Beitostølen Stadion AS under følgjande føresetnader :

1. Styret i BS AS må sørge for at snølagringsprosjektet i 2015 er fullfinansiert før det blir igangsett.
2. Tildekking av snøhaugen og utkjøring av snø blir lyst ut på anbod til aktuelle firma.

Aksjeutvidinga blir finansiert ved eit låneopptak i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres.

2. Godtgjersle for dugnadsarbeid på dei store arrangementa.

Info til gruppestyra : det blir betalt kr. 400 for kvart skift til gruppene.
Krav om dette må kome til Knut Jan rette etter det aktuelle arrangementet.

3. Felles info til skular barnehagar.

Vedtak : Det blir arbeidd ut eit felles infoskriv til skular/barnehagar om ØSIL sine aktivitetar i haust/vinter. Tine samordnar og lagar skrivet saman med Rolf Kjetil. Gruppene får frist til 5. september med å sende informasjon til Tine.

4. Felles handballgruppe med Rogne.

Vedtak : Bodil Enger og Jon Arild Myrvold blir ØSIL sine representantar i ei gruppe som skal arbeide ut eit forslag til avtale med Rogne IL for ei eventuell felles handballgruppe.

5. Oppussing/dugnadsarbeid Storefoss.

Jon Arild orienterte .

Det kom inn vel 23. 000 i gravferda til Ola G. Rogne til oppussing av klubbhuset.

Skal skifte ei ytterdør og eit vindu i tillegg til måling.

John Arild lagar ein plan og arrangerer dugnadar i samarbeid med gruppene og AU.

Når det gjeld lysløypa, tek skigruppa ansvaret.

6. Nytt frå gruppene .

Karate : 11 nybegynnarar i vår, 10 av dei held fram. 7 nye i haust (brorparten frå Øystre Slidre). Ønsker styremøte på Storefoss.

Handball : Sesong frå haustferie til påske. Har lånt spelarar frå Rogne (14 år.) Skal ha handballskule for dei yngste, treningssamling for dei eldste.

Treng styrketrening – ønsker samarbeid med andre grupper om dette.

Ski : Ny drakt for utøvarane – arbeider med sponsorar. Kickoff ved haustferie. Utfordring å skaffe nok vaksne til oppgåvene. Barmarktrenoing ved Storefoss (Anita). Klubbrenn også ved Storefoss i vinter.

7. Nytt frå leiar.

Har søkt om momskompensasjon.

Innspel til kommuneplanen . (Sjå sak 9)

Arbeider for å få kommunen til å betale halleiga på Beitostølen.

Viktig at alle grupper sjekkar at alle utøvarar er medlemmer ved oppstart av aktivitetar i haust.

Fått overført kr. 14.375 frå Link Bingo for 2. kvartal.

8. Ny avtale fotballgruppa.

Vedtak : Reidun Gudny Veflen og Jon Arild Myrvold går inn i ei gruppe med to representantar frå Rogne IL for å arbeide ut ei ny avtale for den felles fotballgruppa.

Dersom Rogne IL ønsker at vi skal prøve å få til ei felles handballgruppe, Blir Bodil Enger og Reidun Gudny Veflen våre representantar i ei gruppe

som skal lage ny avtale for fotballgruppa og forslag til avtale for ei felles handballgruppe.

9. Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Konklusjon : Blir drøfta med Rogne på fellesmøte.

Heggenes 01.09.14

Ove Skaret